

Døsland-grana klar for sal

14.12.2008



Ivar Kåre Døsland fristar med

Mykje tyder på at tevlinga mellom juletreseljarane skjerper seg i Kvinnherad kommune. No er det produsentar boktaveleg tala på hugget både på Sunde, i Herøysund, i Omvikdalen og i Uskedalen. Men vår lokale produsent, Ivar Kåre Døsland, er ikkje særleg sterkt engasjert i tevlinga, han sit avslappa og tek i mot kjøparane - hvis dei kjem.

- Eg må hogga ned trea uansett, elles kjem Kvinnherad Energi og tek dei, seier Ivar Kåre og siktar til at juletreplantasjen hans er å finna under ei høgspenning - på Silkebærhaugen.

Han planta ho for rundt rekna 15 år sidan og dette er femte året juletre hans blir lagt fram for sal. Trea er 'god, gamaldags, norsk gran' som dels er til sals heime på tunet til Ivar Kåre og dels kan hoggast ved personleg frammøte på 'plantasjen'. Dei som ynskjer å hogga sjølv, bør ringa han på førehand.

- Nye tre blir hogstmodne kvart år og ein vann litt erfaring etterkvart med juletreproduksjon. Mellom anna har eg lært at hvis trea står i for god jord, blir skota for lange. Det ideelle er at dei står i heller skrinn sandjord, fortel Ivar Kåre.

Han har ingen planar om vidare og større satsing på juletreproduksjon enn den han har i gang. Det er stort sett uskedelinger som kjøper trea hans.

Av Ola Matti Mathisen